

LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 1

Februar 1970

6. årgang

Tornekransen

«Har du lest hvorledes en tornekrans, om pannen hans ble lagt?» Songboka nr. 198.

I Johs. 19, 5 står dette skrive : Pilatus fører den tornekronete Kristus i purpurkåpa fram for den oppøste folkehop. «Sjå dette mennesket!» sa han. Har du lese om dette? — Kvifor laut Jesus bera nett ein tornekrans?

Tornane og tistlane vart skapte av Gud etter skapinga, på grunn av syndefallet. Det skulle vera eit teikn på den forbanninga som kom over all skapningen på grunn av synda. 1. Moseb. 3, 18. Eit sviande, stikkande ugras kom i staden for Edens frukt-tre. Det var synda sin følge, fallet sitt biletlege resultat, forbanningsteiknet i naturen.

Jesus Kristus bar som vår stedfortredar all synd på seg. Derfor fekk han og nettopp ein tornekrans trykt ned på sitt uskyldige hovud. Som Guds offerlam tok han all synd og forbanning på seg, let seg «krona» av den. Det var du og eg som skulle bore denne krona. Jeg burde have båret, den straff som på deg lå — »

Sjå på siste verset i Salme 132. Når syndaren, «skuldig til døden for syndene mange — », får sjå Kristus koma med sjølve forbanningstornene, og ser at det var for alle fortapte, då strålar Jesu krona for sjela sitt auga. Jesu kjærleik og frelsesverk er så kjært for alle fattige.

I Salme 103,3 seier David kva Gud kronar oss med for Jesu skuld. «Han kronar deg med nåde og miskunn.» Frelsa er så stor. Gud let Jesu verk gjelda for deg, og så let

han Jesu barnekår vera ditt. Han kroner deg i denne nåde for alle dine synder, til Hans ære og pris som har kjøpt oss.

Takk då min Frelsar at du kom og ville inn til meg stiga og i mitt mørke hjarterom lata ein solstråle siga. Takk at du vegen til meg fann og ville gjesta syndig mann, Gud vere lov i all æva !

Holger Kjølvik.

Indre vanskeligheter

Alt liv står i fare, også det åndelige. Tvil er en av de store farer, for den er gift som innsprøytes av vonde åndsmakter. Bibelen forteller om mange personer som ble utsatt for denne gift. Først kan vi nevne Adam og Eva. Der ser vi hvordan slangen gikk frem for å så tvil på Guds ord, hvordan han fant en anledining til å så sin sæd, så den rofsete seg og ble til skade for oss alle.

Så tar vi frem Johannes i Matt. 11,2—6. Han ble avskåret fra sitt arbeide i Guds rike, og det forte ham i tvil på om Jesus var den som skulle komme eller om han måtte vente en annen.

Tomas kom i tvil, på grunn av at han ikke var sammen med disiplene da Jesus åpenbarte seg for dem.

Satan bruker også mennesker til å så tvil. Les 4. Mosebok 13 og 14 kap. Der ser vi at 12 mann ble utsent for å utspeide landet. Da de kom tilbake sådde ti av dem tvil i folket, mens bare to trodde på Herren. Følgen ble at alle voksne over tyve år ikke kom inn i

løndet, men bare de to som trodde på Herrens ord kom inn. Det er farlig å så tvil på det som Herren vil ha gjennemført !

Hvordan finne ut av tvilen?

Jesus vil redde sine ut av tvilen. Det gjør han når du som Johannes går til Jesus med din tvil. Tomas ble fri sin tvil ved å være sammen med disiplene, der Jesus åpenbarte seg for dem. Mange har blitt fri sin tvil ved å være sammen med de troende der Guds ord blir forkynnt, eller ved å lese Guds ord. Her vil jeg ta med et vitnesbyrd fra mange år tilbake. Det var en som var kommet i økonomiske vanskeligheter og så ingen utveit. Da kom det for henne at hun skulle gå til Ordet, for å se om der var noen hjelp å få. Hun slo opp Bibelen på måfå og traff Hebr. 13, 5 : Eders ferd være uten pengekjærhet, så i nøyes med hva i har, for jeg vil ingenlunde slippe deg og ingenlunde forlate deg. Det virket som om hun hadde fått gjeldent betalt.

Hva slags tvil plages du av?

Mange plages av en lønlig tvil om de lever i et rett forhold til Gud. Denne tvil kan være berettiget, da mange lever i et falskt forhold til Gud. Men også sanne troende er ofte i tvil og blir angrepet av vonde makter, som sangeren sier : Når djevelen sier du er ikke så, at nåden i Kristus deg tilhøre må. Kan han slik få vendt vårt blikk på oss selv, og våre skrøpeligheter, da får han vårt blikk vendt mot et forkjert bilde, for den som finner trøst ved å se på seg selv er på villspor. Gud har gitt oss et annet bilde å se på. som heter Jesus. Han som sitter for Guds åsyn og viser seg for vår skyld. Den som får øye på dette bilde, han blir ikke lett å få i tvil.

Dog viser erfaringen at det kan skje, i et ubevoktet øyeblikk synder og faller du. Da er vonde ånder ute for å få deg til å tro at det ikke er rett, eller til å tvile på Guds nåde.

Er du i denne tvil, da vil jeg hjelpe deg med et ord fra Skriften : Herren støtter alle dem som faller (Salme 145, 14). Syv ganger faller den rettferdige, men står op pigjen (Ordsp. 24, 16). Her blir du fri på samme måte som David : Jeg bekjente min synd for deg — og du tok bort min syndeskyld (Salme 32).

Tvil på din duelighet.

Mange som har fått Guds nådegaver til å tjene kommer i tvi på sin duelighet. Vi ser at Moses kom i tvil på sin duelighet på grunn av sin manglende taleevne og sin ungdom (Jerem. 1, 6).

Mange går og tviser på sin duelighet på grunn av at ingen kaller dem og viser dem tillit. Nådegavene skal jo elskes frem, og ingen er fullmoden med en gang. Den måten Jesus brukte var å sende dem ut to og to hver gang. Vi har mange utkantstrok i Norge, som har lange og kostbare reiser til kirke og som sjeldent har besøk av talere. Her er en stor oppgave for menighetsråd, misjonsstyrer og venneklokker i bygdene til å ta opp. Få har frimodighet til å by seg selv frem. Jeg har heller ikke frimodighet uten et ytre kall enda jeg er en gammel emissær på over åtti år, da skal vi heller ikke vente at en lite prøvet og oppøvet nådegave har frimodighet. I min virketid som emissær fikk jeg tre unge med for å prøve deres nådegave til forkynnere, og idag er de gode forkynnere alle tre. Men ingen sann forkynner kommer bort fra å kjenne på sin uduelighet, hvor gammel han så blir.

Tvil på Lekmannsmisjonen.

Mange i vårt land har sått tvil på Lekmannsmisjonen og dem som ser det som sitt kall å arbeide der, om det er av Gud. Jeg har da måttet be slik som Jesus : Fader forlat dem, for de vet ikke hva de gjør. For å prøve å dempe litt på denne tvil vil jeg ta frem litt av det jeg ser.

Jesus vil at evangeliet skal forkynnes for

Bladet Lov og Evangelium

Utgjevarpoststad : 5400 Stord

Red. Amund Lid, tlf. 75. Norheimsund
Eksp.: M. Skumsnes, Horneland, Stord
Postgiro : 42887, Stord

Bladet blir sendt gratis til alle som sender eksp. namn og adr. Blir halde opp med friviljuge gaver

Norsk Luthersk Lekmannsmisjon :

Formann : Olav A. Dahl,

boks 95, 5401 Stord. Tlf. 69

Kass. Sverre Bohn, Norheimsund
postgiro nr. 68213

Bankgiro : Vikøy Sparebank,
Norheimsund 3530.07.09492

S. Botnens Boktrykkeri, 5401 Stord

Malaysia var veien åpen, og nå sår han sæden der ute. Og der står at noe falt i god jord og bar grøde.

Ole Rolfsnes.

Våre spørsmål og Guds svar

Av Gudmund Hjorthaug.

(Les Johs. 9, 1 - fg.)

Det første som fall læresveinane i tanken, då dei såg den blindfødde ved vegkanten, var desse spørsmåla: Kvifor fekk han ein siik lagnad? Kven har synda på sers vis ettersom han vart fødd blind?

Slike tankar er velkjende mellom folk også i vår eiga tid. Ja, endåtil me som får tru at me er frelse og barn av Gud, kjenner dei att frå vårt eige hjarta. Ofte får ein levande kristen fleire og djupare trengsler innover livet sitt enn andre menneske. Asaf gjorde erfaring av det i Sal. 73. Årsaka til trengslene kan vera økonomiske vanskar, sjukdom, død og sorg i familien, eller som her eit barn som kom til verda blind eller med annan skade på lemer eller sansar.

I slike høve kjem tankane og spørsmåla innover hjarta og sinn: Kvifor skulle dette henda meg framfor andre? Har eg eller mine synda på sers vis, sidan Gud må slå så hardt? Er han ikkje den han har sagt å vera, ein som ei allmektig, ein som høyrer bøner? Kanskje han ikkje ein gong er til? Eller om han er til, så har han nok gløymt meg og vil ikkje ha noko med meg å gjera, eg som er så full av tvil og opprør mot Gud. Slik stormar tankane på oss når trengslene kjem, og synest å leggja heile vårt menneskeliv øyde.

Kjenner du att desse tankane som strøymer mot deg og krev løysing og svar? Men kor mykje du grunnar og strir, så blir det berre myrkare etterkvart.

alle folkeslag, og for alle mennesker. Det er årsaken til at han har gitt sine nådegaver og kall til tjeneste, også til oss i Lekmannsmisjonen. Mellem vårt folk finnes det noen som trenger om det vitnesbyrd og den forkynnelse Gud har gitt oss, for å bli frelst og for å bevares i troen og nåden. Herren deler ut sine gaver etter som Han vil, og bare til det som er gagnlig. Tror du Herren sår tvil på de nådegaver han har gitt, og motarbeider de vitner han selv har kallt og sendt ut? Nei, slikt gjør bare vår motstander djevelen og dem som lar seg bruke av ham.

Dertil så Herren et område i Malaysia som han ville gi evangeliet. Da alle andre misjoner hadde fullt opp å gjøre, begynte Herren å kalle noen til dette arbeidet. For at det ikke skulle skade det arbeidet som alt var i gang, kalte han bare en liten flokk. Noen få familiærer her og der, enkelte plasser noen flere, spredt over et stort område av landet. — Slik fikk vi en liten flokk som stillte seg villig, og en misjoner meldte seg til tjeneste.

Alle veier viste seg å være stengt, bare til

Kva sa og gjorde Jesus i slike høve? Han er den same i dag, som han var, og blir det til evig tid. For å få vita det, må augo og øyro vendast mot *Ordet*. Sjå berre korleis Jesus stillte seg her til den blindfødde. Jesus kjende og såg han før dei møttest, og det gjer han med alle —også deg! Før Fillip kalte på deg under fikrentreet, såg eg deg, sa Jesus til Natanael. Ikkje ein spurv fell til jorda utan Gud veit og vil det, du har ikkje eit hår på hovudet utan Gud har det med i sitt tal! Ikkje berre det at han veit om deg, men han er deg nær som skuggen ved di høgre hand, og han sør ikkje og blundar ikkje Israels vaktar (*Sal. 12, 1*). Han har den same omsorg for deg som før, midt i all di sorg, storm og mørke.

Høyр her! I ordet ovanfor (*Johs. 9, 3 og 37*) gjev Gud deg hovedsvaret på alle dine spørsmål: Trengsla let Gud koma over deg for å kunna *openberra sitt verk på deg og for deg*. Og Guds verk er framom alt *Jesus vår frelsar og stedfortredar*. Det er den største gåva Gud har gjort ferdig og gitt til oss syndarar. I Jesus har me fått forlating for syndene, evig liv, barnekår hjå Gud og til sist ein evig herlegdom heime hjå Gud. I og med Jesus gir han oss alt det beste som han i sit thjarta ynskjer å gi oss (*Rom. 8, 32*). Og desse herlege og evige rikdomane får me åleine del i når Den Heilage Ande gjennom Ordet får *openberra for oss kva me eig og har i Jesus vår stedfortredar*.

Derfor let han trengsla koma over deg som er ufrelst, så du skal møta og høyra Meisteren og bli frelst ved Hans. Og han let den koma over meg og deg som er frelst for at meir av hans nådes rikdom skal bli *openberra for oss og ved oss*. Jesu svar på alle dine spørsmål er altså: For at Guds veg skulle *openberrast for deg og ved deg*.

Ja, men den blindfødde fekk sjå underet han — og folket ikring han og, tenkjer du, men det fekk ikkje eg. Nei vel, men Gud har fleire måtar å syna fram sine verk og sin herlegdom på. Mellom anna det under som hender i eit menneskehjarta som *har nok med Gud ord*. Ordet om hans verk, som blir openbart gjennom trengslene. Guds mål er eit hjarta som trur utan å sjå. På bøna om å bli fri satans engel, fekk Paulus svaret: *Min nåde er deg nok*. Du må ha trengsel Paulus, for at du meir og meir skal læra å vera avhengig av min nåde. Berre slik kan du verta verande i meg, med deg sjølv og di tenesta. Berre slik blir mitt namn æra og syndarar kjem til trua. Då Paulus også her fekk nåde til å gi Herren rett, så hende det som Herren lova. Meir enn hjå nokon annan fekk Gud openberra sitt verk både i og gjennom Paulus sitt liv.

Så er spørsmålet for oss, når me er inne i trengsla, korleis me stiller oss til ordet frå Jesus. — Mange held fram med å søkja løysing på spørsmåla sine etter eigne tankar og på sin eigen veg, så lenge at vantru og bitterheit set seg fast i hjarta og sinn. Til sist kan dei bli duglause i tenesta for Herren, ja missa trua på barnekåret og trua på Gud.

Å Herre, tala du ennå ein gong til oss som er så trassig og seine til å høyra og tru. Gi oss nåde til å nøye oss med dine svar og få eiga *di rike velsigning*. *Her gir du oss hovedsvaret*, men ein gong når me er heime i din herlegdom skal du løysa alle gåter og detaljespørsmål for oss.

Som du Herre Jesus gjekk veien til herlegdomen gjennom trengsla og lidning, slik har du også lagt veien for oss. «Men snart er vi hjemme og står fortronen, hva gjør det da om solen har oss brent. Når hytten faller så får vi kronen og alt elende er så dermed endt.»

Falsk tru - sann tru

Sidan fallets dag møter me to ulike slag tru mellom menneske. Her vil nok mange vera ueinige. Men ser me på det som er fortalt om Kain og Abel lyt me vel sanna at alt då var dette ein røyndom.

Alle Adams falne barn har ei falsk tru etter si natur. Den ugodlege vende seg frå sin veg, og den urettferdige frå sine tankar, rojar profeten Esaias. Lat dykk frelsa frå denne rangsnudde ætta, seier Peter. Mange, mange trur nok på Gud på ei vis, og Guds ord seier at det gjer også djevelen og skjelv. Men når det er løgna og frykta si ånd som set i høgsetet, då er det ei falsk tru. Det er løgna sin far som er opphavsmann og fullendar til denne trua. Han tilskundar den åndelege blinde og døde til åtru løgna. Det vil seia åtru på seg sjølv, sine eigne tankar og sin eigen veg. Den falske tru ser alltid på seg sjølv og på resultatet. Om det lukkast med omvendinga og med kristenlivet. Det har nok ikkje lukkast heilt fullkome, men kven kan venta det, for me er då syndarar alle. — Men gjer me vårt beste, så har me ein nädig Gud, og det skal nok lukkast betre etter kvart om du får tid på deg.

Løgna sin far viser alltid til det som er til fordel og støtte for denne trua. Det kan me sjå av Saul, han som fall frå Gud av di løga si ånd og folket sin gunst fekk makt. — Han skulda på at han ville ofra det til Herren, når han i ulydnad mot Gud sparde noko av det feet som Herren hadde bannstøytt. Den falske tru støttar seg alltid til offer eller ei god hensigt. Eller også til noko som kan visa at trua er rett og ekte. Her blir mange ugjenfødde hjarto lurt, like til dei står framfor ei lukka himmeldør.

Den falske trua kan også vera sterkt hjå dei som står i Guds rike sitt arbeid her på jorda. Den kan samla store skarar om Guds ord og få folket i begeistring. Ja, ofte kan det sjå ut som om dette var den sanne og Gud-

gjevne tru. Synagogeoverstanden var nidkjær for Guds namn og æra. Han refsa folket og sa: «Det er seks dagar å arbeida, på dei kan de koma og verta lekte.» Ein annan sa: Det er ikkje tillatt å bera senga på sabbaten. Den falske trua held alltid nøye rekning med sitt eige og andres liv og gjerning.

Korleis skal eg vita om mi tru er falsk?

Det får du åleine vita ved å ta Guds ord til hjarta, og la Ordet og den Heilage Ande visa deg kven som er opphavsmannen til trua di. Kom du til trua ved noko du gjorde eller fyretok deg? Ved at du overgav deg, kjempa, bad og stridde, eller ba om forbøn osv. Eller du set lit til di oppleving, ditt lys i ordet, forbeting av livet, eller at du kan døma om kva som er sann og falsk lære. Du er fornøygd og glad når det blir tala om åtru meir, satsa meir og gi deg meir heilt til Gud. At du tek det med tol når du blir spotta og forfylgd av di du vil vera ein kristen.

Dette, og meir til av same slag, reknar du med må tyda på at du lever i trua og har det rett med Gud — det hjelper og djevelen til med at du skal tru.

Kjære deg, du blir lurt, for dette er ikkje den rette trua på Herren. Din reknekunst og blinde augo har gitt deg ei tru som er utan liv og fred. Berre så lenge du finn noko hjå deg sjølv som du kan setja lit til, har du fred. Men når det er borte, korleis er det då?

Då leitar den falske tru etter nødutgongar. Ein som er mykje nyttig heite: Det skal nok ordna seg sidan.

Den sanne trua.

Den sanne og Gud-gjevande trua har eitt kjenneteikn: Jesus, Jesus åleine. Jesus er trua sin opphavsmann og fullendar (Hebr.12,2

Ved den tronge port fell alle våre forsett, bøner, vilje, iver og innsats i grus. Der misser du alt håp om å kunna bli frelst slik som du er, porten var for trøng for deg til å koma inn. Du prøvde koma over muren, men også der blei du kasta ut, for du høvde ikkje innanfor. All tru og håp på deg sjølv blei gjort til inkjes.

Då var det du fekk høyra om Jesus, det han har gjort for deg, og det han er for deg. Han som blei såra for dine brot, og sundbroten for dine synder, som tok di straff på seg, så du skulle få fred. Det som du ikkje maktta, det gjorde Jesus i din stad. Du fekk sjå at Jesus var døra inn til Guds frelsa. Ved trua på han fekk du koma inn, og han blei din fred og ditt liv. Her slepp du rekna, slepp å ofra, slepp å vera noko anna enn det du er, ein fortapt syndar som blir frelst av Guds nåde.

Jesus vart opphavsmannen og fullendaren til trua. Og slik lyt det vera tid for tid i det hjarta der den sanne trua skal bu. Du kan ikkje setja di lit til det du ein gong opplevde, var eller hadde. Trua blir fornya på same

måten som fyrste gongen. Med di me ser på opphavsmannen og fullendaren til trua, Jesus, han som for den gleda som venta han leid på krossen med tol, utan å vyrdra skjemsla, og nå set på høgre sida åt Guds kognsstol (Hebr. 12, 2).

«Vil for synd du nåde få, fest ditt øye på Jesus! Vil du fred i sjelen få, fest ditt øye på Jesus! Vil du byrden din bli kvitt, fest ditt øye på Jesus! Vil du frelsens vei forstå, fest ditt øye på Jesus! Jesus for deg har gitt sitt blod, Jesus for deg igjen oppstod, brakte liv og overflod, — fest ditt øye på Jesus!»

Med di me ikkje fester oss med det synlege, men ved det usynlege, for det synlege er timeleg men det usynlege æveleg (2. Kor. 4, 18)

Så har me då, brør, i Jesu blod frimod til å gå inn i heilagdomen (Hebr. 10, 20). Dette er den sanne trua sitt ankerfeste, sjølv då når du synest inga tru å ha eller kjenna. «Hos Gud det skifter ei, jeg har nå lært forakte mitt hjertes ja og nei.»

Odd Dyrøy.

Lysestaken blei flytta

Lysestaken i den gamle pakt høyrd med til tabernaklet, der Gud openberra seg for Israel, sitt folk. Lysestaken var av skirt gull, og vog ikring 50 kg. Det var altså ein kosteleg ting. 2. Mos. 25, 31—39.

Lysestaken i den nye pakt er den levande Guds forsamling. Op. 1, 20. Lysestaken var nok sju-erma, og likevel ein. Slik er det på jord «ei heilag ålmen kyrkje», det er samlinga av alle dei heilage. Men no er ein kyrkjelyd også synleg og stadbunnen. Derfor heiter det: « — til Guds kyrkjelyd som er i Korint», «kyrkjelyden i Efesus», o.s.b. La oss

lesa om «forstandaren», «engelen for kyrkjelyden i Efesus», for det er der me finn uttrykket om at lysestaken kan bli flytta frå stad til stad : Op. 2, 1 fg.

«*Skriv til engelen for kyrkjelyden i Efesus : Dette segjer Han som held dei sju stjernone i si høgre hand, Han som gjeng midt imillom dei sju gullysestakane : Eg veit om gjerningane dine og arbeidet ditt og tolmodet ditt, og at du ikkje kan tola dei vonde, og du hev prøvt dei som segjer dei er apostlar, og ikkje er det, og hev funne at dei er ljugarar; og du hev*

tolmod og hev havt mykje å bera for mitt namn skuld, og du hev ikkje vorte trøytt. Men eg hev imot deg at du hev gjeve opp din første kjærleik. Kom difor i hug kvar du er fallen i frå, og vend om og gjer dei første gjerningane; elles kjem eg over deg og vil flytta ljosestaken din frå sin stad, om du ikkje vender om. Men dette hev du at du hatar gjerningane åt nikolaitane, som eg og hatar. Den som hev øyra, han høyre kva Anden sejer til kyrkjelydane. Den som sigrar, han vil eg gjeva å eta av livsens tre, som er i Guds Paradis.»

Dette er eit mykje ransakande Guds ord. Det er Jesus som sjølv går og er i mellom kyrkjelydane og som har forstandaren enno i si hand og kan anten forkasta han eller framleides bruka han, det er HAN som talar. Og Han talar personleg som ven til ven. No er det ikkje dei andre, men no er det deg personleg, eg vil ha i tale. «Eg veit om dine gjerningar. — Men eg hev imot deg.» Fyrst talar Jesus rosande, om tolmodet hans, at han ikkje kan tola dei vonde, og at han har prøvd åndene, og hatt mykje å stå i vel også av liding for Jesu namn skuld, og ikkje vorte trøytt. Det er vel få av oss no til dags som kan måla oss med han i så måte. Og likevel lyder det dalande kvast; som eit slag av ein ven: «Men eg hev det imot deg at du hev gjeve opp din første kjærleki.» Dette er sagt i open og ekte kjærleik til forstandaren, og det er stor nåde at han får vita det. Og han svarte kanskje: «Ja, så gode Jesus har DU noko imot meg? Har eg verkeleg gitt opp min første kjærleik? Ja, det står ikkje sprektil med meg, det er sant. No, me veit ikkje korleis han reagerte på Jesu tuktande tale. Me veit helst ikkje kven denne forstandaren var. Kanskje kunne det vera Timoteus? (1. Tim. 1, 3). Etter tradisjonen var vistnok både Peter og Paulus henretta når Johannes skreiv si Openbaringsbok. Så i tilfelle det var Timoteus, så hadde han ikkje lenger Paulus å sjå etter seg. Nok om det.

Det Jesus hadde imot forstandaren i Efesus hadde med det indre liv å gjera. «Ta vare på hjarta framfor alt som du vaktar; forlivet går ut frå det.» (Ordt. 4, 23). Og kjærleiken har med hjarte-livet å gjera. For forstandaren i Efesus så skorta det nettopp her. Det var ikkje lenger så smertelig me dsyna hans og ulydnaden hans mot den Hellige Ånd. Det blei då heller ikkje så om å gjera å eiga dagleg full syndenes forlating. Jesus seier om syndarinna i Simons hus, (vistnok Maria, syster til Marta, som salva Jesus ikkje berre med ekte nardesalve (Joh. 12, 3), men og med den meir almindelige myrrasalve: Joh. 11, 2 samanlikna med Luk. 7, 37 b, 38 b og 46): «Tilgjevne er dei mange syndene hennar; difor er det ho elskar so mykje; men den som lite vert tilgjeve, elskar lite.» v. 47. Det siste der om liten kjærleik, er nesten uforståelig. Kan nokon få berre litt tilgitt? Nei, alt eller ingen ting. Men det er spursmål om syndaren ser sine mange og stygge synder. Simon meinste ho hadde mange synder, og Jesus seier også det. Og kvinne sjølv erkjenner nok dette, derfor er det ho gret ved Jesu føter. Men det er også gledestårer over at dei mange syndene hennar er no tilgitt. Å, nei så stort! Og det seier Jesus var grunnen til hennar store elsk for Frelsaren sin. Dette har nok også med kjensle-livet å gjera. Men hovedtingen er at syndaren gledar seg i trua på Gud og det Han er og har gjort. «I dette er kjærleiken, ikkje at me hev elskat Gud, men at Han hev elskat oss og sendt Sonen sin til soning for syndene våre.» (1. Joh. 4, 10). Merkeleg paradox! Johannes seier eigentleg at det væsentlege ved vår kjærleik er ikkje det at me hev elskat Gud. Men Jesu soning for syndene våre er iok det eigentlege som tenner og vedlikeheld kjærleiken i våre hjarto, ja, er sjølve oppkoma til kjærleiken. «Som en kilde, klar og ren.»

Med forstandaren i Efesus var det nok skjedd eit indre fall. «Kom difor ihug kvar du er fallen i frå.» (v. 5a. Korleis hende det? — Lat oss først sjå på kor alvorlig det er. Je-

sus seier det må omvending til no, elles går alt galt, både me dhan sjølv («elles kjem eg over deg»), og med kyrkjelyden hans, «og vil flytta lysestaken din frå sin stad, «om du ikkje vender om.» v. 5c. Dette syner seg i livet at noko er galt, derfor heiter det: «gjer dei fyrste gjerningane!» v. 5 b. Det må vera viktige gjerninger. Men seier ikkje Bibelen klart at me er frelst av nåde «utan gjerningar?» Jau, men når nåden verkeleg blir nåde for ein fordømt og fortapt syndar, som erkjenner han har fortent evig helvete, får då ved trua på Jesu frelsesverk alle syndene sine tilgitt og strokne ut for Guds åsyn. Ei slik levande tru har sine synlige ytringar, fyrst og fremst i forhold til Jesus. Legg merke til syndarinna: Ho held seg på den audmjuke plassen ved Jesu føter. Ho salva Jesu føter. Kan ikkje la vera å la lyset sitt brenna så folk i huset får vita om at no er ho frelst. Det kosta nok for kjøtet å motta Simons bitande kalde kritikk, men det var ein ytring av sjølve gudslivet, samtidig som det var eit vilkår for at dette livet skulle få veksa og utfalla seg. Slik er det nok med alle nådegavene. Man ge gonger er ein nok ulydig her, men det reine og hellige sinnelaget syner seg då etter i sorg over synda. Og så har ein trong for ny nådetilseiing.

Korleis var det på dette punkt med forstandaren i Efesus ska' tru? Hans framtrendande nådegåve var å prøva åndene «Du hev prøvt dei som seier dei er apostlar, og ikkje er det, og funne at dei er lygnarar.»

A prøva åndene, kva vil no det seia? Det er ikkje å prøva eitt uvesentlig punkt i læra. Det er heller ikkje fyrst og fremst å prøva om ei menneske er ein kristen eller ikkje. Dette kan også vera nødvendig. Men å prøva om ei lære er kristelig eller anti-kristelig, det er eigentlig å prøva åndene. Det fyl nemleg ei falsk ånd med falske forkynnarar.

«Mine kjære! Tru ikkje kvar ei ånd, men prøv åndene om dei er av Gud (kristelig) for mange falske profetar hev gjenge ut i verda. På dette kjenner de Guds Ande:»

Kvar ei ånd som sannar at Jesus Kristus er komen i kjøt, er av Gud. Og kvar ei ånd som ikkje vedkjennest Jesus, er ikkje av Gud; (antikristelig) og dette er ånda til Antikrist, — » (1. Joh. 4, 1 fg.)

Å ikkje vedkjenna seg Jesus, det er antikristelig. Men kva vil så det seia å ikkje vedkjenna seg Jesus? Er det det at dei lite og ikkje brukar namnet Hans? Nei, for det gjer dei. «Dei skal ta mitt namn», sa Jesus sjølv. Dei falske har ikkje nokon rett til det namnet, men dei tek det for betre å skjula seg. Å ikkje vedkjenna seg Jesus er å ikkje ha bruk for og heller ikkje vedkjenna seg Kristi verk som nok til evig frelse, men fortier dette.

Forstandaren i Efesus såg fåren ved falsk lære, frå «dei som segjer dei er apostlar, og ikkje er det.» Men sa han ordentleg ifrå? Og då ikkje berre at desse forkynnte falskt, men at kyrkjelyden måtte ta avstand frå dei? «Gå unnan dei», Rom. 16, 17, og «dei skal du venda seg ifrå!» 2. Tim. 3, 5. Det er eit viktig spørsmål her.

Jesus seier i Joh. 21, 16 at det å vakta eller gjeta «sauene mine» har med kjærleiken å gjera. Det vil kosta for kjøtet å ta det fulle ansvar her. Ein vil risikera ikkje berre spott frå dei religiøse ugjenfødte, («spottorda frå dei som segjer dei er jødar, og ..kje er det, men er Satans synagoga.» Op. 2, 9) men av sovande truande brør verta halden for å vera utan kjærleik, og å vera altfor negativ, og går ikkje å høyra på hans forkynning meir. Men sanninga tru i kjærleik vil alltid bli til framgang for Guds rike, endå det gjerne ikkje ser slik ut. Sant er i all fall det ordet: «Me (truande) kan ikkje noko imot sanninga, men berre for sanninga.» 2. Kor. 13, 8. Ein kan nemleg ikkje ha framgang for Guds rike ved å vera mot sanninga, men berre for.

Meir eller mindre har kyrkja til alle tider havt strid med dei falske. Og falsk lære er som surdeigen eller gjær i deigen. Somme tider såg det ut om at heile deigen skulle bli gjenomsyra. Nokre stader vart han det også

Lysestaken blei då flytta.

Kva var så hovedgrunnen til det? Var det vesentlig dei uomvendte si skuld som ikkje lenger ville høyra Guds ord og venda om? Eller var det landsregjeringa som tok til å rydda ut dei kristne? — Eg trur ikkje det. Men når me kristne tolerer og i lenger tid let vranglæra råda, då vil nok lysestaken bli flytta. Kvifor det? Jau, for då minkar det på aei sanne truande sitt levande og overtydande vitnemål. Desse er då sjølv lysestaken. — Vitnemålet er det klare lyset, for det er Guds ord dei stadfestar, og det samstavar med Gud sitt eige vitnemål om Sonen sin. (1. Joh. 5, 9—12). «Og dette er vitnemålet at Gud hev gjeve oss æveleg liv, og dette livet er i Sonen hans.» v. 11.

Det er klart at sant gudsliv kan ikkje koma ved falsk lære. Og det gudslivet som er, kan ikkje få næring og bli styrkt ved falsk forkynning, tvert imot! Vitnemålet frå levande kristne dør ut. Det blir nemleg ikkje tålt der falsk lære får råda. Ein kristen sitt forhold til falsk lære, kan me uttrykkja med Brorson's sang: «Det gjelder liv og død. Han stride må og vinne, så sant som han vil finne sin fred i Jesu skjød.»

Dei siste åra Johannes Brandtzæg livde føreslo han ofte å syngja denne sangen:

Jeg vil stride gjerne lide for min salighet.
Hindrer man og er jeg svak,
På Guds ord jeg iler glad,
Fremad haster, alt bortkaster
For klenodiet. (Sangboken 379 v. 1).

Alle vers blei gjerne sungne. Sangen er vistnok blit kalla Brandtzæg-s sang. Han hadde nok då gitt ut boka si om «Helligjørelsen» og også fått mange stygge brev. Den boka bør tas fram igjen! Noko der rammer all slags vranglære: «Det er nemleg ikkje helligjørelsen som gir adgang til himmelen, men det er rettferdiggjørelsen. Den sannhet må vi ikke la noen ta fra oss. Heller ikke må vi tåle at den blir fordunklet for oss!» (Helligjørelsen s. 16).

Gud seier: «Kom i hug førarane dykkar,

som tala Guds ord til dykk! «Hebr. 13, 7. Ludvig Hope seier i si bok om «Hebreerbrevet»:

«Mange tror og lærer at — Gud ga oss Kristus forat han i ord og gjerning skulle vise oss at Gud er kjærlighet. Det trenget ikke noe annet for å ta bort syndeskylden og få tilgivelse enn at synderen angrer, så tilgir Gud. En angrende synder og en kjærlig Gud er nok. — Hvis dette syn er rett, da er Kristi død ingen soningsdød. Da har rasjonalisten rett.» (s. 53).

Dette er då både rasjonalisme og synergisme, og Hope går imot denne lære med Guds ord. Ei annan lære strir han også imot for ho held ikkje Kristi verk å vera nok til frelse. Altså antikristelig. Me siterar der Hope tek opp spørsmålet: Kven blir med når Kristus kjem att?

«Noen lærer at det er ikke alle sanne kristne som får være med. Bare de som er døpt og fylt av Ånden og renset for synd får være med Jesus, de andre blir igjen her nede. Til støtte for dette bruker de bl.a. ordet om de fem kloke og de fem dårlige jomfruer i Matt. 25. — Denne lære deler altså kristenflokkene i to klasser på et avgjørende punkt i vårt trosliv. — Hos dem som skal få være med Jesus, må synden være rykket opp med rot, den onde natur må være fjernet fra hele deres vesen. De må være forvandlet før Kristus kommer. De som enå må vente til dommens oppstandelse, etter tusenårs-riket.

Er denne deling av kristenfolket rett? — Jeg mener at den står i den skarpeste motsetning (anti-) både til evangeliet og hele Bibelen, og fører oss inn på den farlige avveg at Kristi verk er ikke nok til frelse.» (s. 62—63.)

Misjonær Arne Tiltnes skriv i si bok: «Den Heilige Ånd og vi»:

«Å avsløre og bekjempe en vranglære kan vi, og bør vi, gjøre frimodig og «med god samvittighet». Men å gå mot en el-

Iers from og gudfryktig troende bror eller søster som er blitt en svermer, det føles verre og tyngre. Men hensynet til sannheten og kristenlivets sunnhet og trivsel i det lange løp krever det. De kristne ledere pålegges da også ofte i det nye testamente å våke. Ikke bare over den rette lære, men også over et sundt kristent- og menighetsliv.» (s. 4—5).

Her kan det hova å nemna litt om ein yngre misjonær, som også har stridt mot vranglære og natt fram «til klenodiet.» Det er Olav Haarvik.

Hope sa til han ved avskjeden til China : Du må være flink å kjempe mot vranglære også i China som du har gjort i Norge. Lushan kyrkjelyd fekk i 1940 påkjenning av vranglære, og den som først offentleg sa i frå trass i fellande kinesisk språk var Olav Haarvik. Den medfart og lidning som både han og kona, Nancy, fekk av den grunn er ikke gløymt av Gud. (1. Pet. 2, 19). Forstandar Li Süendji som Gud serleg brukte i den tida, gav eigentlig Haarvik full oppreisning mellom dei truande i Lushan i det han sa offentlig i kjerka at om den mannen har sine feil som fyrt åtvvara mot denne vranglære, så var det rett gjort lell.

Men korleis er det idag mellom oss :

Fleire endå til leidande kristne menn spør Kan me eigentlig avgjera så sikkert kva som er falsk lære? «Ein kan no laga seg probleme der det ingen er også», sa ein leidande kristen bror til meg i januar 1955. Men no var det i lys av Guds ord me skulle prøva åndene. Og «Ordet viser oss hva sann og falsk lære er.» «aCarl Fr. Wisloff i «Vårt Land» 28. mars 1955.)

At Jesus kunne seia kvar falsk lære kom ifrå, det held me rimelig, men at noko menneske skulle kunna det, det trur me helst ikke eller vil helst ikkjetru; for då får me det meir maklig for kjøtet. Me slepp å støytanokon.

Når Jesus åtvavar mot falske profetar, så

seier han til læresveinane og dermed til kvar ein kristen at dei skal kunna kjenna desse falske : «So skal de kjenna dei — » Matt. 7, 20. Korleis skulle ein kristen elles kunna vaka sauene? (Joh. 21, 16).

Jesus har då også gitt oss tydelige kjennermerke på dei falske, så ved Den Hellig Ånds lys over ordet kan me døma om rett og falsk forkynning idag. Guds ordet seier oss at det er ei nødvendig almen kristenplikt å prøva åndene. Ein treng ikkje å stiga opp på nokon «hog lærestol» for å kunna gjera det, for kvar ein sann kristen har då fått Den Hellig Ånd. Og det er Han som gir nådegaver. Ein kvar kristen idag som aldri før treng om å kjenna den sunne lære og også å sansa den falske, om han ikkje skal missa det evige livet i herligdom hjå Gud, — kruna si:

Fåren er størst når ein tek det falske for å vera rett og sant, og når ein synest dei falske har den finaste kristendom« Endå ein sann kristen kan då gi rom for sjølv Satan. At så kan skje ser me i eit døme med Peter. «Og det var nåde at Jesus kalla Peter Satan då.» (K. Harestad). Men det er ikkje berre ein Peter som kan gi rom for djevelen. Det er ei åtvaring til alle truande det som står i Ef. 4, 27 : « — og gjev ikkje djevelen rom!» Og til dei kristne i Korint heiter det : «For eg vil ikkje at de skal koma i samfund med vonde ander.» (1. Kor. 10, 20). Og vidare i 2. Kor. 11, 4 seier Paulus : «om de får ein framand ande, som de ikkje før hev fengje eller eit framand evangelium, som de ikkje hev fengje, so vil de tola det godt!»

Her er det sagt at ei framand ånd kjem i samband med eit falskt evangelium. Dette kan kristne gi rom for om dei ikkje er på vakt og les sin Bibel.

Bibelen gir oss mange krasse bilete på dei falske forkynnarrane. Jesus brukar uttrykket: «ulvar — i saueham». Det seier oss at det ytre kan sjå kristelig ut medan det indre, åndane er antikristelig.

Lat meg ta ein illustrasjon her: Eit par gjætarar vaktar sauene sine om natta, men

litt etter kvart blir dei trøytte og sovnar. Men så kjem ein ulv og tek og fer avstad med eit lamb. Ein av gjetarane vaknar og seier litt i ørška : Kva slags skrik var det eg høyrd? Han ved sida av vaknar då berre så halvt og seier : Kva er det du snakkar om? Hm., ti stille no! Veit du ikkje at me no treng om ro? — «Unnskyld meg, men eg høyrd då eit skrik som av eit lamb; eller kanskje eg berre har drøymt?» — Dei legg seg snart båe two til å sova att, og ansar ikkje at ulven fer avstad og drep eit av dei finaste lamma i saueflokken deira!

Og slik går det når ein tolererar falsk lære! Natta og svevnen sig innover oss!

I Efesus og i heile Lille Asia døydde kristendomen ut. Kvifor? Dei leidande kristne menn vakta ikkje sauene. Lysestaken blei flytta!

Skal me ikkje ta lærdom av Guds tale gjennom kyrkjesoga som også stadfestar Bibelen? — Det er farligt å leva på avstand frå Gud. Forsom difor ikkje lønammeret og Bibelen! Og ha så eit signa år 1970.

Andr. A. Bø.

FRÅ ARBEIDET

Lekmannsmisjonen sitt styre hadde møte på Randaberg 22. og 23. nov. Me tek her med noko av planane dei la for det nye året.

REISERUTER FOR FORKYNNARANE VINTEREN 1970 :

1. Ole Brandal : Permisjon, påskehelga Randaberg/Varhaug.
2. Odd Dyrøy : Rogaland, Haugesund og omegn, påske Avaldsnes.
3. A. Eide : Til disp. påske Sannidal.
4. Hjorthaug : Trøndelag, Hardanger, påske Namdalen.

5. Reidar Linkjendal : Bremnes, Sunnhordland, påske Namdalen/Askim.
6. Amund Lid : Agder, Telemark, Oslo og omegn, påske Randaberg/Varhaug.
7. Nygård : Hardanger, Nesflaten, Valen, påske Sannidal.
8. Margrete Skumsnes : Besøkjer misjonslaga, påske Bygland/Vågsbygd.
9. Olav Aakhus : Til disp. påske Hardanger. Jon Berg har teke til på lærarhøgskulen i Trondheim. Linkjendal blir med på påske-møte i Namdalen onsdag til fredag, og i Askim 1. og 2. påskedag.

SUMARSKULANE 1970 :

1. *Namdalen* : I overgangen juni/juli. Talarar : Lid og Linkjendal.
2. *Norheimsund* : I tida 22.—26. juli. Års-møte torsdag 23. juli. Talarar : Dyrøy, Hjorthaug, Nygård og Brandal.
3. Tredje sumarskulen har ein enno ikkje fått plass til.

Styret.

DER VAR IKKJE ROM

Tone : *Kom frelsar kom inn*

Frå himlen han kom Å berga vår sjel ifrå våde og dom.
Han steig ned i ætta og vart her vår bror.
I kjærlek og nåde useieleg stor
Han gjekk i vår stad og han sona vår dom.
Frå himlen han kom.

Der var ikkje rom Slik ordet fortel om då frelsaren kom.
Han gjekk om i byen frå dør og til dør
Men husa var fulle av gjester frå før.
Han derfor fekk nei over alt der han kom
Der var ikkje rom.

Han går nå som før Frå hjarta til hjarta frå dør og til dør.
Han byd fram si frelsa og spør etter rom
Men oftast så fåfengt til hjarta han kom.
For hjarta var fullsett og stengde si dør
Han går nå som før.

Til deg og han kom Du syndar som gjerne til andre gav rom
Han banka så ofte, men du stengde att
Du valde å liva i mørke og natt.
Og synda og verda dei fyllte ditt rom,
Om han til deg kom.

Hjå Jesus er rom Til oss med ei fullkommen frelsa han kom.
For syndarar alle — for meg og for deg
Han opna med blodet til Himmelen veg
Å høyr då du sjel som er skuldig til dom
Hjå Jesus er rom !

Gudmund Hjorthaug.